



Arkivsaknr: 2024/3490-1
Sakshandsamar: Helge Kvam
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Høyring: Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2024-2028

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for levekår

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for levekår legg Alkoholpolitisk plan samt forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune 2024-2028 jamfør vedlegg 1 ut på høyring.

Høyringsfrist er 15.05.2024

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for levekår.

Saka gjeld

Noverande [Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024](#) og [Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider, Alver kommune, Vestland](#) er gjeldande til og med 30.09.2024 (vedlegg 4).

Kommunen har etter [Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. \(alkoholova\) §1-7d](#) plikt til å utarbeide rullering/revisjon av alkoholpolitisk plan innan september året etter nytt kommunestyre tiltrer.

Planframlegg til høyring ligg som vedlegg 1. Som eit hjelpemiddel til å sjå endringsforslag mellom noverande og revidert alkoholpolitisk plan er det utforma eit notat jamfør vedlegg 2.

Saksopplysningar

Grunnlag og føringar

Alkoholova set rammene for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast. Kommunane har etter § 1-7d plikt til å utarbeida ein alkoholpolitisk plan. Innanfor rammene i lova er kommunen tillagt ansvar og fridom til å forma ut eigen alkoholpolitikk. Det er bruk av dette handlingsrommet som skil kommunane frå kvarandre ved utforming av lokal alkoholpolitikk.

Handlingsrom i lov og forskrift finn ein i:

- [Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. \(alkoholloven\) - Lovdata](#)
- [Lov om serveringsvirksomhet \(serveringsloven\) - Lovdata](#)
- [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. \(alkoholforskriften\) - Lovdata](#)

Når det gjeld tider for sal og utlevering av alkoholholdig drikk sjå lenke [Alkoholova med kommentar §3-7](#)

Når det gjeld tider for skjenking av alkoholholdige drikker sjå lenke [Alkoholova med kommentar §4-4](#)

Den som vil skjenka alkohol mot vederlag eller på offentleg stad, treng skjenkjeløyve gitt av kommunen. Kommunen har handlingsrom til å vedta eigen alkoholpolitikk og setja rammer for serveringsstader med alkoholservering. Dette inneber til dømes å bestemma kva type stader og konsept som kan få skjenkjeløyve, kor i kommunen skjenkjeløyve kan gjevast, kva skjenketider skjenkestadene i kommunen skal ha, og om desse skal differensierast ulike stader i kommunen. Kommunen kan utøva skjønn om løyve bør gjevast, og kan i vurderinga mellom anna leggja vekt på talet på sals- og skjenkestader, karakteren til staden, plassering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles. Ingen har krav på å få skjenkjeløyve. Dette følgjer av alkohollova §§ 1-7a og 4-4.

Serveringsloven

Den som vil servera mat som næringsverksemd treng serveringsløyve gitt av kommunen. I motsetning til alkoholova er serveringslova ei rettighetslov når det gjeld det å etablere serveringsstad utan alkoholservering. Dersom vilkåret i lova for å få serveringsløyve er oppfylt, mellom anna vandel og etablerarprøve, skal kommunen gi løyve. Eit serveringsløyve gjeld inntil vidare og treng ikkje fornyast.

Etter serveringslova § 15 står derimot kommunen fritt til å regulere serveringsstadens opningstid, både kvar enkelt stad eller generelt for kommunen i forskrift. Det er ikkje nasjonale reglar for opningstida til ein serveringsstad utan alkoholservering, så kommunen står fritt til å regulere dette.

Handlingsrom i lokale føringar og satsingar i Alver kommune finn ein i:

- [Kommuneplan sin samfunnsdel 2022-2034](#)
- [Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034](#)
- [Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034](#)
- [Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035](#)

Alver sin kommuneplan samfunnsdel og tilhøyrande kommunedelplanar syner føringar både med omsyn til eit nærings- og kulturliv som er mangfaldig og konkurransedyktig kombinert med at innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

Alkohol er ei lovleg, men strengt regulert vare. Alkohol er også det rusmidelet som forårsakar størst og flest belastningar i samfunnet, både i eit individuelt perspektiv og i eit samfunnsperspektiv. Her kan ein mellom anna vise til [Nasjonal alkoholstrategi 2021-2025](#) samt [St.Meld. 15 \(2022-2023\) Folkehelsemeldinga](#) Vidare har Folkehelseinstituttet kunnskapsgrunnlag når det gjeld alkoholbruk sjå lenke [Alkohol og andre rusmiddel- FHI](#).

Lokal alkoholpolitikk i Alver skal bidra til eit attraktivt og mangfaldig nærings-, reise- og kulturliv med føreseielege og næringsvennlege rammevilkår, samtidig som omsynet til forsvarleg alkoholomsetning og kontroll, god folkehelse og alkoholfrie arenaer blir varetekne. I Alver er det også vesentleg at føringar for alkoholpolitikken bidreg til at folk i ulike aldrar og livssituasjonar trivst i kommunen.

Alkoholpolitikk må og sjåast i samanheng med førebyggjande og behandlande verksemd innan psykisk helse og rusmeistring. [Utval for levekår møte 28.11.2023 sak 09/2023](#) har vedtatt oppstart av Temaplan Psykisk helse og rusmeistring i Alver kommune 2024-2035.

Status sals- og skjenkeløyver

Oversikt over gjeldande sals- og skjenkeløyve i Alver kommune er ålment tilgjengeleg på Helsedirektoratet sine nettsider – sjå lenke [Tobakkssalgs- og bebillingsregisteret](#)

Revisjon av alkoholpolitisk plan

Revidert framlegg til Alkoholpolitisk plan 2024-2028 ligg som vedlegg 1. Som eit hjelpemiddel til å sjå revidert tekst/endringsforslag mellom noverande og revidert alkoholpolitisk plan er det utforma eit notat jamfør vedlegg 2. Revidert tekst vert med dette ikkje omtalt parallelt her i saksframlegget.

Likevel vil kommunedirektøren gjere merksam på 2 moment. Det første er at framlegg til Forskrift om sals-, skjenke og opningstider i Alver kommune er vidareført uendra frå noverande plan.

Det andre omhandler ubetente butikkar. I framlegg til Alkoholpolitisk plan 2024-2028 foreslår kommunedirektøren at det vert tydeleggjort at det ikkje vert gitt salsløyve for alkohol i ubetente butikkar.

Dette er grunngjeve med at Helsedirektoratet den 22. oktober 2021 sendte eit brev til alle kommunar som gjeld problemstillingar knytt til korleis sal frå ubetente kasser og butikkar kan oppfylle alkohollovgivinga sine reglar om alderskrav, tidsgrenser og forbodet mot sal til openbart påverka personar.

I uttalen konkluderer med direktoratet at sal av alkohol frå ubetent butikk ikkje er i samsvar med regelverket og det vert også stilt krav til korleis slik sal kan skje frå utbetente kasser i betente butikkar. Vi viser særleg til følgande i uttalen:

«På bakgrunn av det ovenstående er det direktoratets vurdering at salg av alkoholholdig drikk fra ubetjent butikk vil være en salgsform som krever endring i regelverket. Salgsstedet har selv ansvar for å påse at alkohollovens regler etterleves. Dersom salgsstedet ikke har tilstrekkelige rutiner for å overholde forbudet mot salg til åpenbart påvirkede personer, vil dette utgjøre et brudd på forsvarlighetskravet i alkoholloven § 3-9.

I henhold til alkoholforskriften § 10-3 første ledd skal i utgangspunktet et slikt brudd føre til ileggelse av åtte prikker og i ytterste konsekvens inndragning av bevillingen. Dersom manglende kontroll av ruspåvirkning har medført salg til åpenbart påvirkede personer, vil dette utgjøre brudd på alkoholloven § 8-11 og alkoholforskriften § 3-1. Slike brudd skal medføre ileggelse av fire prikker. Direktoratet vil i tillegg bemerke at brudd på alkoholloven er straffbart, jf. alkoholloven kapittel 10.

Direktoratet vil også påpeke også at når alkohollovens vilkår for å tildele bevilling er oppfylt, er det opp til kommunen, på fritt skjønn, å bestemme om bevilling skal gis. Dette innebærer imidlertid ikke at en kommune kan sette alkohollovens bestemmelser til side og innvilge kommunale salgsbevillinger som strider imot regelverket.»

Brev frå Helsedirektoratet ligg som vedlegg 3.

Høyring

Alkoholpolitisk plan med lokal forskrift er planlagt sendt ut på høyring med frist 15.05.2024. Aktuelle høyringsinstansar er lokal bransje, politi, Statsforvaltaren i Vestland og elles lagt ut offentleg for innbygarane generelt via kommunen sine fora.

Etter høyringsperiode er det plan om vurdering av innspel, og deretter politisk prosess fram til endeleg vedtak i kommunestyret i juni. Endeleg vedtatt plan vert lagt ut digitalt v/framsikt.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at alkoholpolitisk plan ivaretar ulike hensyn som bør balanserast innanfor lovkrav. På den eine sida er det ønskeleg med attraktive næringsstilbod som involverer skjenke- og serveringsstader til innbyggjarar og besøkande, samt at nærings-, reise- og kulturlivet har konkurransedyktige vilkår samanlikna med tilsvarande tilbod nær Alver.

På den andre sida har alkohollova som lovfesta målsetting å i størst mogleg grad begrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere.

Kommunedirektøren vurderer at planframlegg ivaretar både næringsliv og innbyggjarane med omsyn til desse områda, og ser fram til innspel i høyringsperioden.

Økonomiske konsekvensar

Ikkje aktuelt

Miljømessige konsekvensar

Ikkje aktuelt

Organisasjonsmessige konsekvensar

Ikkje aktuelt

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at utval for levekår legg framlegg til Alkoholpolitisk plan samt forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune 2024-2028 jamfør vedlegg 1 ut på høyring.

Høyringsfrist er 15.05.24.